

Årsmelding for 2020

Hjelmeland Samfunnshus SA

Om selskapet:

Hjelmeland Samfunnshus SA er eit non-profitt-føretak som driv utleige av Hjelmeland Samfunnshus til opne og lukka arrangement i regi av eksterne aktørar, samt arrangerer eigne kulturarrangement. Alle inntekter går til vidare drift, vedlikehald og oppgradering.

A-sponsorar:



Styret:

Hjelmeland Samfunnshus SA har ikkje faste tilsette, med unntak av reinhaldar, klubarbeidarar og vertsskap på kinovisningar på timeløn/honorar. Alt arbeid blir elles gjort på dugnad av styret og andre frivillige.

Årsmøtet i 2020 vart halde digitalt, på grunn av koronapandemien. På årsmøtet vart det vald følgjande styremedlemmer: Leif Velde-Johannessen (styreleiar), Marianne Hausken Olsen (nestleiar), Morten Hetland (driftsleiar), Edel Gausland, Ole Henrik Olsen, Krister Seljeset (1. vara) og Oskar Ommundsen (2. vara).

Styret har i 2020 hatt 2 styremøte og behandla 11 saker. Elles har styret eller arbeidsutvalet (styreleiar, nestleiar og driftsleiar) gjort nødvendige avklargingar i løpet av året. Styrearbeidet i Hjelmeland Samfunnshus har i 2020 vore sterkt prega av koronapandemien. Nedstenginga av samfunnet og ulike nivå av smitteverntiltak har gjort det vanskeleg å få gjennomført arrangement, og vanskeleg å få folk til å koma på dei arrangementa som lét seg gjennomføra. Styret har elles, som dei siste åra, hatt fokus på oppgradering og vedlikehald av samfunnshuset. Det er laga til ein ny scene i bomberommet – *Intimscenen* – samt starta arbeidet med å laga øvingsrom for musikarar.

Utvikling av resultat og stilling:

Nøkkeltal (i heile tusen)	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Driftsinntekter	466	546	385	419	405	411	481
Årsresultat	-34	-92	-77	95	164	1	-186
Totalkapital	1.187	1.253	1.246	1.460	1.285	1.194	1.235
Eigenkapital	1.114	1.147	1.236	1.332	1.238	261	234
Eigenkapitalandel	94%	92 %	99 %	91 %	96 %	22 %	19 %

Driftsinntektene blei ein del lågare i 2020 enn i 2019. Dette skuldast sviktande leigeinntekter og billettsal grunna pandemien. Detaljrekneskapen visar at samanlikna med føregåande år, er leigeinntekter redusert med over 60 prosent, inntekter frå sal av varer med 40–50 prosent og inntekter frå billettsal med 60 prosent.

Driftskostnadane vart imidlertid òg kutta, slik at resultatet samla sett er betre enn dei to føregåande åra. Kostnadene er i stor grad faste utgifter til drift av Samfunnshuset, samt utgifter i samband med oppussing, innkjøp av nytt utstyr og reparasjonar på bygget, men òg auka utgifter til reinhald på grunn av strenge smitteverntiltak.

Rekneskapan for 2020 blir gjort opp med eit negativt driftsresultat på kr -33.910,09, mot kr -91 050,70 i 2019. Styret merkar seg at rekneskapan hadde blitt gjort opp med endå større underskot utan kommunalt driftstilskot og sponsormidlar frå næringslivet.

Avskrivningar i 2020 utgjer kr 140.260 mot kr 120.377 i 2019.

Driftsstøtte:

Hjelmeland Samfunnshus SA fekk kommunal driftsstøtte frå Hjelmeland kommune på kr 100.000 i 2020. Driftsstøtta blei vedtatt av kommunestyret i samband med budsjettet for 2020. Det same beløpet blei utbetalt i 2018 og 2019, utan at det ligg føre noko avtale mellom Hjelmeland kommune og Hjelmeland Samfunnshus SA. Styret ynskjer å gå i dialog med Hjelmeland kommune om å få på plass ein samarbeidsavtale.

Sponsorar:

Hjelmeland Samfunnshus SA har i 2020 hatt tre sponsoravtalar. Aluhak Systems AS og PG Installasjon AS er A-sponsorar og Hjelmeland Sparebank er B-sponsor. Sponsoravtalane gjeld frå august til juli, og inntektene er periodiserte for å gje eit rettvisst bilete av den økonomiske situasjonen.


Teaterlaget:

Hjelmeland Teater er eit samla amatørteaterlag for barn, ungdom og vaksne, og Hjelmeland Samfunnshus SA sin viktigaste samarbeidspartnar. Dei to laga har ei samarbeidsavtale, der forholdet mellom laga er regulert. 2020 var det 37. året med amatørteater på Hjelmeland Samfunnshus.

Kino:

I 2020 har det vore drift av kino på Hjelmeland Samfunnshus, eit arbeid som vart starta opp på hausten 2017. Bygdekinoen (v/Film & Kino) har inngått avtale om visning om to filmar kvar månad i heile 2020, og tilbodet er finansiert av Frivilligfondet til Hjelmeland kommune. I 2020 har det blitt vist 10 filmar, med eit gjennomsnitt på vel 33 betalande pr. film. Gjennomsnittet er på nivå med året før. Imidlertid starta året veldig bra, med eit gjennomsnitt på over 70 besøkande på kinodagar dei tre første månadane. Avlyste forestillingar og dårleg besøk på dei filmene vist på hausten trakk derimot ned.

A-sponsorar:



Prosjektet fortsett også i 2021, men tal besøkane må opp på eit jamt høgare nivå dersom tilbodet ikkje skal bli lagt ned. Det bør også vurderast å få til ei avtale med Hjelmeland kommune om fast støtte til drift av kino.

Faste aktivitetar:

I 2020 har det òg blitt planlagt tre faste aktivitetar: Ungdomsklubben (13–18 år), Spødakafé (alle alderstrinn) og pubkveldar.

I 2020 har det vore arrangert månadlege kveldar med ungdomsklubb i dei periodane smitteverntreglane har opna for det, med godt besøk frå kommunen sine ungdommar. Smittevernreglane har gjort at det har vore strengare tilgangskontroll, auka vakthald og avgrensingar i tal på ungdommar som kan delta.

Det har ikkje blitt arrangere strikkekveldar og pubkveldar i 2020.

Oppsummering

Styret meiner at årsmeldinga og årsrekneskapen gjev eit korrekt bilete av Hjelmeland Samfunnshus SA sin aktivitet, eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat, dog prega av ein forhåpentlegvis midlertidig situasjon under pandemien.

På bakgrunn av dette meiner styret at det er grunnlag for vidare drift, men understrekar viktigheita av å halda fram arbeidet med å kutta kostnader og auka inntektene ved å skapa og leggja til rette for stadig meir aktivitet på Hjelmeland Samfunnshus.

Hjelmeland, 31.12.2020/02.07.2021

Leif Velde-Johannessen
styreleiar

Marianne Hausken Olsen
nestleiar

Morten Hetland
driftsleiar

Edel Gausland
styremedlem

Ole Henrik Olsen
styremedlem

A-sponsorar:

